

Notat

Arkiv ref
06/850-

Dato
19.06.2006

Høyringsnotat - Utkast til forskrift om fråhaldsplikt for personell som utfører oppgåver som gjeld tryggleiken ved jernbane, medrekna sporveg, tunnelbane og forstadsbane mv. (fråhaldspliktforskrifta)

1. INNLEIING

Samferdselsdepartementet har med heimel i jernbanelova §§ 3a og 3b, jf. § 6 utarbeida eit utkast til forskrift om fråhaldsplikt for personell som utfører oppgåver som gjeld tryggleiken ved jernbane, medrekna sporveg, tunnelbane og forstadsbane mv. Kabelbaner reknast også som jernbane i forskrifta her.

Ved utarbeiding av forskrifta har departementet teke utgangspunkt i helsekravforskrifta til Statens jernbanetilsyn av 18. desember 2002 nr. 1678. Helsekravforskrifta gjeld ikkje for kabelbaner og det er derfor foreslått ei presisering i utkastet til forskrift som viser at også personell ved desse er omfatta av fråhaldsplikta og promillegrensa.

2. LOVGRUNNLAGET

Frå 1. juli 2006 gjeld dei nye reglane om fråhaldsplikt og promillegrense mv. i jernbanelova, jf. Ot.prp. nr. 39/Innst. O. nr. 36 (2005-2006).

Ordlyden i disse er som følger:

”§ 3 a. (*Alkoholpåvirkning mv.*)

Ingen må føre eller forsøke å føre rullende materiell

1. med en alkoholkonsentrasjon i blodet som er større enn 0,2 promille, eller en alkoholmengde i kroppen som kan føre til så stor alkoholkonsentrasjon i blodet,
2. med en større alkoholkonsentrasjon i utåndingsluft enn 0,1 milligram per liter luft,
3. under påvirkning av et annet berusende eller bedøvende middel enn alkohol, eller
4. når sykdom, legemidler, tretthet eller lignende årsak gjør han eller hun uskikket til å utføre tjenesten på betryggende måte.

Villfarelse med hensyn til alkoholkonsentrasjonens størrelse fritar ikke for straff. Forbudet gjelder tilsvarende for den som utfører eller forsøker å utføre oppgaver knyttet til sikkerheten ved jernbane.

Den som forbudet i første ledd gjelder for, må ikke nyte alkohol eller ta annet berusende eller bedøvende middel i de første seks timer etter at tjenesten er avsluttet, når vedkommende forstår eller må forstå at det kan bli politietterforskning på grunn av utførelsen av tjenesten. Dette forbudet gjelder likevel ikke etter at blodprøve eller utåndingsprøve er tatt, eller politiet har avgjort at slik prøve ikke skal tas.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om hvem som omfattes av denne bestemmelsen.

§ 3 b. (*Pliktmessig avhold mv.*)

Den som fører rullende materiell, må i tjenestetiden ikke nyte alkohol eller annet berusende eller bedøvende middel. Tjenestetiden omfatter tidsrommet fra vedkommende i henhold til sine tjenesteplikter påbegynner utførelsen av slikt arbeid som stillingen krever og inntil arbeidet avsluttes. Forbudet gjelder tilsvarende for den som utfører eller forsøker å utføre oppgaver knyttet til sikkerheten ved jernbane.

Forbudet gjelder også i et tidsrom av 8 timer før tjenesten begynner.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om hvem som omfattes av denne bestemmelsen. ”

Vidare er politiet gitt heimel i jernbanelova til å ta alkotest, utandingsprøve og blodprøve av dei personane som kjem inn under fråhaldsplikta. Det heiter her:

”§ 3 c. (*Alkotest, utandningsprøve, blodprøve*)

Politiet kan ta alkotest (foreløpig blåseprøve) av en person

1. som det er grunn til å tro har overtrådt bestemmelsene i §§ 3 a og 3 b,
2. som med eller uten egen skyld er innblandet i en jernbaneulykke eller jernbanehendelse, eller
3. når det blir krevd som ledd i kontroll av jernbanedriften.

Dersom resultatet av alkoholtesten eller andre forhold gir grunn til å tro at bestemmelsene i §§ 3 a eller 3 b er overtrådt, kan politiet fremstille personen for utandingsprøve, blodprøve og klinisk legeundersøkelse for å søke å fastslå påvirkningen. Slik fremstilling skal i alminnelighet finne sted for den som nekter å medvirke til alkotest.

Utandingsprøve tas av politiet. Blodprøve kan tas av lege, sykepleier eller bioingeniør. Klinisk legeundersøkelse foretas når det er mistanke om påvirkning av andre midler enn alkohol eller andre særlige grunner taler for det.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om undersøkelser som nevnt i paragrafen her. ”

Justisdepartementet har gitt instruks til politiet for bruk av alkotest (foreløpig blåseprøve) i veg- og sjøtrafikksaker, og instruks for alkoholutandingsprøve. (Instruksane er reviderte og blei sette i kraft frå 1. juli 2005). Samferdselsdepartementet reknar med at politiet vil nytta reglane i desse instruksane så langt dei passer i sine kontrollar etter jernbanelova § 3 c. Samferdselsdepartementet ser derfor ikkje grunn til å gi forskrift etter paragrafen her no, og viser til at det heller ikkje er gitt slik forskrift etter den tilsvarande føresegna i vegtrafikklova.

3. UTKAST TIL FORSKRIFT OM FRÅHALDSPLIKT FOR PERSONELL SOM UTFØRER OPPGÅVER SOM GJELD TRYGGLEIKEN VED JERNBANE, MEDREKNA SPORVEG, TUNNELBANE OG FORSTADSBANE (FRÅHALDSPLIKTFORSKRIFTA)

3.1 Bakgrunn for regulering i ny forskrift

Etter jernbanelova § 3 a fjerde ledd og § 3 b tredje ledd kan departementet gi nærare forskrifter om kva for personell som skal omfattast av fråhaldsplikta og promillegrensa mv. Inntil ny forskrift blir gitt gjeld forskrift av 6. august 1993 nr. 782 ”om pliktmessig avhold for personer ved driftsavdeling ved jernbaner, sporveier, tunnelbaner og forstadsbaner for befordring av personer og gods.” I denne forskrifta er alt personell ved jernbane, sporveg, tunnelbaner som utfører eller kan setjast til å utføre arbeid som gjeld sikring av liv og helse til personar ved framføring av rullande materiell, omfatta av fråhaldsplikta. Dette gjeld også for personell ved kabelbaner, jf. forarbeida til jernbanelova § 1, der det går fram at kabelbane er omfatta av jernbaneomgrepet.

I Ot.prp. nr. 39 (2005-2006) har departementet nemnt at det er aktuelt å konkretisere nærare kva for grupper som har oppgåver som gjeld tryggleiken ved jernbane, i tillegg til førare av rullande materiell. I den grad det er tvil, er det også aktuelt å regulere kva for jernbaner som omfattast av føresegnene.

Kva som er grunnen til at det er behov for å konkretisere nærare kven som går inn under fråhaldsplikta og promillegrensa, er særleg at det innanfor den tradisjonelle jernbaneverksemda har kome fleire aktørar frå utlandet. Dette har si årsak i opning av godstransportmarknaden i EØS-området. Det er derfor viktig å gjere reglane så klare som mogeleg, også for desse aktørane.

3.2 Innhaldet i forskrifta

Til § 1 Virkeområde mv.

Forskrifta gjeld for personell som utfører oppgåver som gjeld tryggleiken ved jernbane, medrekna sporveg, tunnelbane og forstadsbane mv. Departementet vil presisere at alle formar for jernbane kjem inn under virkeområdet, også museumsbaner og liknande i den grad dei regulerast etter jernbanelova.

Med personell meinast personar som gjer teneste for jernbaneverksemda. Ordlyden er valt med tanke på å dekkje opp både tilsette i jernbaneverksemda og andre som er leigde inn for å gjere arbeid for jernbaneverksemda, til dømes entreprenørar, underleverandørar o.l. Det er heller ikkje krav om at arbeidet blir utført etter kontrakt. Frivillig innsats i jernbaneverksemd (til dømes i museumsbaner) vil også bli råka av fråhaldsplikta og promillegrensa.

Forskrifta gjeld også for personell ved kabelbaner. Elles er kabelbaner regulerte i taubaneforskriftene, slik at det vil vere klargjerande å ha ei presisering av denne gruppa i fråhaldspliktforskrifta. Det er ikkje tvil om at kabelbaner gjekk inn under "avholdpliktsloven" av 16 juli 1936 nr. 2, jf. Johan Giertsen "Pliktmessig avhold" utgitt av Universitetsforlaget i 1996. Det er ikkje meint å gjere nokon endring i virkeområdet til "pliktavholdsloven" da lovreguleringa blei flytta over i jernbanelova. Dette inneber såleis at forskrifta av 6. august 1993 også gjeld for kabelbaner.

Til § 2 Personell ved jernbane som er omfatta av promillegrense og fråhaldsplikt mv. i jernbanelova

Innhaldet i fråhaldsplikta og promillegrensa går fram av jernbanelova § 3 a og § 3 b, jf. punkt 2 ovanfor der teksten er sitert.

Når det gjeld personellgrupper som blir foreslått omfatta av føresegnene, er det teke utgangspunkt i helsekravforskrifta til Statens jernbanetilsyn, men med tillegg av at forskrifta også gjeld for kabelbaner. Både helsekravforskrifta og fråhaldspliktforskrifta har til oppgåve å sikre tryggleiken ved jernbanedrifta. Jernbaneverksemda har eit sjølvstendig ansvar for å identifisere kva for funksjonar som utfører dei ymse oppgåvene, dvs. kva for kategoriar av stillingar og personell som utfører arbeidsoppgåver

nemnde i denne paragrafen, dersom dette ikkje går klårt fram av den type stilling den einstilte har.

Bokstav a

Trafikkstyring omfattar styring og overvaking av all trafikk på sporet, inkludert arbeid i og ved sporet, gjennom tekniske system og/eller manuelle rutinar. Togleiar og togekspeditør vil omfattast her. Vidare vil personell ved kabelbane som har tilsvarande oppgåver omfattast.

Bokstav b

Føresegna klargjer at driftspersonell ved kabelbaner er omfatta, sjølv om enkelte av funksjonane også vil gå inn under dei andre bokstavane i paragrafen her. Det går fram av forskrift av 3. mai 2002 nr. 446 "om bygging og drift av taubaner og kabelbaner" kva for oppgåver som er lagt til driftsleiar og avløyser og anna driftspersonell ved slike baner.

Bokstav c

Alle førarar av rullande materiell kjem inn under føresegna, også dei som fører via fjernkontroll. Til dømes vil lokomotivførar, tunnelbaneførar, trikkeførar, kabelbaneførar, vognførar og førar av skinnetraktor og andre arbeidsmaskinar bli omfatta. Også flytting av skinnegåande arbeidsmaskinar på spor under svært lav hastigheit vil bli omfatta av føresegna, i motsetning til i helsekravforskrifta. Det er eit forbod etter fråhaldspliktføresegnene i jernbanelova å føre eller forsøkje å føre rullande materiell, jf. jernbanelova § 3a. Den som assisterer føraren kjem også inn under føresegna dersom assistansen er vesentleg for framføringa, som til dømes ved utkikk i køyreretninga.

Bokstav d

Under føresegna kjem sporskifter, skifter, signalgivar og skifteleiar.

Bokstav e

Ombordpersonell omfattar personell som utvekslar viktig informasjon med trafikkleiinga eller føraren av tog, og som kommuniserar med førar ved signal i samband med av- og påstiging. I tillegg er personell som utfører beredskapsoppgåver om bord i toget omfatta. Ombordansvarleg, servicemedarbeidar og brann/beredskapsvakt vil også vere omfatta i den grad dei utfører dei nemnde oppgåvene.

Bokstav f

Føresegna gjeld personell som på operativt nivå sikrar at arbeid og aktivitetar i og ved spor ikkje er årsak til farlege situasjonar mellom arbeid og arbeidsmaskinar og med den ordinære trafikken. Denne oppgåva vil mellom anna vere å kommunisere med trafikkleiinga om samspelet mellom aktiviteten og den ordinære trafikken. Tryggleiksmann og tryggleiksvakt vil vere omfatta av føresegna.

Bokstav g

Føresegna gjeld mellom anna den som utfører driftsprøving, visitasjon, bremseprøving, kontroll av last m.m. Personell som berre utfører vedlikehald i eit verkstadmiljø, sjølv om arbeidsoppgåvene kan innehalde eit visst innslag av vurderingar, er ikkje omfatta her.

Til § 3 Plikter for den som driv jernbaneverksemd

Føresegna legg også ei plikt på jernbaneverksemda til å informere personell om dei reglane som gjeld om fråhaldsplikt, promillegrense og mot å utføre arbeid når dei er sjuke, trøtte eller liknande, jf. jernbanelova § 3 a og § 3 b. Dette vil særleg gjelde eigne tilsette, og kan eventuelt takast inn i arbeidsvilkåra til dei tilsette gjennom instruks eller liknande. Bruker verksemda entreprenørar, underleverandørar o.l. bør dei i den samanhengen også opplyse om kva krav som er sette til personell som utfører oppgåver som er nemnte i § 2 i forskrifta. Sjølv om paragrafen legg ei plikt på jernbaneverksemda, strekk ikkje dette seg så langt at det frittek personellet sjølve frå ansvaret om å kjenne reglane som gjeld for det arbeidet dei utfører.

Til § 4 Ikraftsetjing

Departementet foreslår at forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2007. Dette vil gi dei enkelte verksemdar og personell tid til å bli kjende med dei nye reglane. Vi gjer elles merksam på at reglane i jernbanelova § 3 a og § 3 b allereie gjeld frå 1. juli 2006 for det personellet som går inn under forskrift om pliktmessig avhold for personer ved driftsavdeling ved jernbaner, sporveier, tunnelbaner og forstadsbaner for befordring av personer og gods” av 6. august 1993 nr. 783.

4. STRAFF FOR BROT PÅ FØRESEGNENE

I jernbanelova § 22 andre leden er det teke inn eit straffebod for dei som i aktløyse eller med forsett bryt reglane i jernbanelova § 3 a og § 3 b.

Ordlyden er som følgjer:

”Den som uaktsomt eller forsettlig overtrer forbudet i §§ 3 a eller 3 b, straffes med bøter eller fengsel inntil ett år. Overtredelse er forseelse.”

Føresegna er ei vidareføring av ”avholdspliktloven” § 7 første leden. Tilsvarande straffebod finnast også innanfor luftfart, sjø og vegtrafikk.

5. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAAR MV.

Forskrifta vil etter departementet sitt syn ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar, fordi ho berre presiserer kva for personell som blir omfatta av dei nye reglane i jernbanelova § 3 a og § 3 b. For brukarane vil forskrifta føre til ei forenkling i forhold til gjeldande forskrift ved at det blir enklare å identifisere kva for personell som er omfatta av reglane.

